



Referat møte i Team Hardanger, tysdag 28.01.2025 i Kinsarvik

Møtte:

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune - Leiar
Randi Rykkje, Ullensvang kommune - Nestleiar- digitalt
Jan Tjosås, Kvam herad
Mona Hellesnes, Ulvik herad
Jan Aril Sivertsen, Næringshagen Hardanger og Voss
Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

Saksliste:

1. **Deltok felles på "Tenk nytt om lokal næringsutvikling - kva kan klynger, foreiningar og kommunar bidra med?"**, kl 1000-1100

2. **Team Hardanger på Hardingtinget 13.02.2025 i Norheimsund**

TH lagar eit fellesdokument i Teams (Leier opprettar). Der førebur ein felles presentasjon til Hardingtinget 2025 med oversikt over kva TH gjer og kva som er viktig:

- møteplassen og fagleg nettverk; sparringspartnarar; deler erfaring, kompetanse og kunnskap; fellesprosjekt; initiativ
- Opfølging strategi Grøn region Vestland
- Prosjekt: Rekruttering og bulyst, studiesenter, besøksforvaltning, fjernarbeidsplassar

3. **Møteplan våren 2025 Team Hardanger**

- 12.02.2025 TH i Kvam/ Workshop Rekrutteringsprosjektet mm
- 28.04.2025 TH i Ulvik

4. **Diverse til diskusjon:**

Karrieremesser 2026:

Kva Karrieremesser skal TH delta på?

Hardanger bør ha felles "merge". Er det ting i Flytt til Hardanger som ein kan henta fram igjen. TH ber om oversikt på materiale som er teke vare på, og oversikt på kva som kan brukast.

Vi ber Ullensvang/Randi om å tilbakemelding på deira erfaringar med regionale rekrutteringsmesser som grunnlag for vurdering av kva vi skal delta på. Alle ser etter nasjonale karrieremesser. Mål å finna Karrieremesse og "merge" i løpet av dei neste 3 månadane.

Arendalsveka 2026:

Tilbud frå Voss om "å kjøpa ein lott" i Arendalsveka 2025 takkar Hardanger høflig nei til tilbudet om 2025, men kan godt samarbeide om 2026.

TH vil be Hardangerrådet å starta førebuing mot Arendalsuka 2026.

5. **Runde rundt bordet**

Næringshagen i Hardanger og Voss:

Stor aktivitet på Voss:

- Torsdagsmøter
- Ulike nettverk - f,eks Bionettverk; Materialgjenbruksnettverk;
- Mange kurs og medlemsmøter

Kvam:

Utfordringar med raskt veksande gebyr. Arrangerar møte for opplysning.

Mål om endå fleire lausdriftsfjøs. Mange har allerede investert, og det er god auke i mjølkeproduksjon.

Yrkesskuledelen på ny VGS i Norheimsund skal opna i vår, medan heile skulen opnar til hausten.

Det er no press på ledig næringsareal. GPS har starta opparbeiding av det nye næringsarealet i Skarpen med ny kai.

Bjølfefossen søkjer etter ny dagleg leiar.

Ulvik:

Fokus på bustadprosjekt og bulyst - lokale tiltak.

Slutfase for reguleringsplan både sentrum og Holmen.

Vedteke bidrag til reiselivsstrategi, der berekraft er viktig.

Fellesprosjekt med Eidfjord om reiseliv. Har no fått prosjekt digitalt opplæringsprogram med informasjon om Ulvik som skal brukast til alle front desk ansatte. Samarbeid med Voss.

Dette er eit verktøy ein kan bygga vidare på både med innhald og kven som kan ta del. Mål at heile Hardanger kan ta del.

Ny dagleg leiar i Book Hardanger,....., kompetanse både på reiseliv og digitale verktøy.

Arbeider med Erasmus prosjekt om lokalsamfunn, "korleis bygge system, opplegg og verktøy for lokal identitet til formidling i oppvekst.

Eidfjord:

Store utfordringar for kommunen med investeringar i nytt renseanlegg i Sysendalen og landstraum for cruise.

Bustad er fokus område. Har fleire tomter og prosjekt. Fagdag med Husbanken til våren.

"Hardanger Sand og kompost" ser føre seg store investeringar i Simadalen og ønskjer lang-tidskontrakt med kommunen.

I arbeid med strategisk næringsplan er det bestilt eit analyseoppdrag.

Berekraftsanalyse for Sysendalen og besøksforvaltningar bestilt av politikarar

Kommunen skal søkja seg inn til GNIST programmet med tanke på sentrumsutvikling, tolegnsanalyse og besøksforvaltning.

Kinsarvik 28.01.2025

Lisbeth Bygstad Celik/s

Leiar

Trude Rinaldo

Sekretær